



# Valle og Hylestad sokneråd

4747 Valle

Mobil: 97784706  
e-post: [post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)  
Valle 2020 – 05 - 19

## Møtebok Valle og Hylestad sokneråd

**Til stade:** Lisbeth D. Homme, Gudrun Sagneskar, Bente Bjørgum, Liv B. Ryningen, Knut Olav Uppstad, Siri Melhus, Ellen Agnethe Nygaard Jansen (1.vara) og spr. Kristine Borgen.

Frå administrasjonen møtte kyrkjesjef Anne Ringstad

---

SR sak 29/20

MAIKALENDER

Vedtak: Takkeoffer 31. mai . Sundagsskulen, 14. juni – Stefanusalliansen

Elles teke til orientering.

Samrøystes

SR sak 30/20

GUDSTENESTEENDRINGAR

Kyrkjane har vore stengde for gudstenester sidan 12.mars d.å. på grunn av covid-19-pandemi. Når kyrkjene no skal gjenopnast er det ueinigheit i soknerådet om kva som er godt smittevern.

Avstemming: Knut Olav Uppstad stemte for å gjenåpne både Valle og Hylestad kyrkje for gudstenester. Resterende seks soknerådsmedlemer stemte for å bare gjenåpne Valle kyrkje og ikkje Hylestad kyrkje ennå for gudstenester.

Vedtak: Bare Valle kyrkje og ikkje Hylestad kyrkje blir no gjenåpna for gudstenester.

Avstemming: Knut Olav Uppstad stemte for å ha konfirmasjon for hylstringer i Hylestad kyrkje. Resterande seks soknerådsmedlemer stemte for å ha konfirmasjon for hylstringer i Valle kyrkje.

Vedtak: Konfirmasjon for hylstringer i år blir i Valle kyrkje

Avstemming: Knut Olav Uppstad stemte for å ha konfirmasjonene for valldøler og hylstringer på ulike dager. Resterende seks soknerådsmedlemer stemte for å ha konfirmasjonene for valldøler og hylstringer på same dag.

Vedtak: Konfirmasjonene for valldøler og hylstringer haldast på same dag.

Utover dette vart foreslått gudstenesteliste samrøystes vedteke.

SR sak 31/20

#### HAUSTKALENDER

Vedtak:

AU møte 1. september 2020 og soknerådsmøte 15. september 2020

AU møte 6. oktober 2020 og soknerådsmøte 20. oktober

AU møte 3. november 2020 og soknerådsmøte 17. november 2020

AU møte 1. desember og soknerådsmøte 15. desember

Samrøystes

SR 33/20

#### TROSSAMFUNNSLOVEN

Teke til orientering.

Samrøystes

SR 34/20

#### MAIINNKALLING

Sak om liturgi kjem i oktober. Ny liturgi etter ny gudstenesteordning skal innførast 1. sundag i advent.

SR 35/20

#### FRAMDRIFTSENDRING

Vedtak: Innkallingar sendast fredag etter arbeidsutvalsmøte.

Samrøystes

FR 13/20

#### VATNING

Vedtak: Kyrkjesjefen får fullmakt til å leige nokon til å vatne sommaren 2020. Soknerådet søker kommunen om midlar til berekraftig ordning til vatning hausten 2020.

FR 14/20

#### ANKETILSVAR

Vedtak: Saka er teke til orientering

Samrøystes

Andre notater:

- Plantedag etter 10. juni, ein spør Skafså gartneri om dei vil stille med planter – Evje steinindustri om dei vil hjelpe til med oppretting av gravminne. Ein vil og informere godt om plantedagen. Annonse i Setesdølen. Annonse i Bygdenytt. På Facebook sida til kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad og heimesida til kyrkja.
- Soknepresten informerte om kva som skjer på facebook. Administrasjonen legg det inn i kalenderen.
- Hastefjernmøte. Soknerådsleiar kallar inn til eit hastefjernmøte tysdag 26. mai kl. 17.00. Administrasjonen sender ut sakspapir onsdag 20. mai. Gjeld smittevern før opning av kyrkja for gudstenester.

Ref.

Anne Ringstad

Valle 19.5.2020